

## Årsmelding VRK 2018



Styret i 2018 bestod av:

Leiar: Edle Holmin

Nestleiar: Rakel Aasen

Kasserer: Linn Wangen Mork

Sekretær: Karin Hurlen Vatnehol

Styremedlem: Ida Kristine Standal Eikrem

Styremedlem: Liv Jorunn Nyhagen

Varamedlemmar: Stine Risahagen Høgalmen og Bodil Jåtun Molvik

Ungdomsrepresentant: Anna Mork

Det vart gjennomført 6 styremøter i løpet av 2018. Klubben har ikkje hatt aktivitetsgruppe dette året, så styret har tatt hand om desse sakene også. I tillegg til styret vart det sett ned ei hallnemnd, som har arbeidd med eit forprosjekt for ny ridehall i Volda. I denne nemnda sat Edle Holmin og Ingmar Wangen.

### Treningar og stemne

Klubben arrangerte (nokså) jamnleg treningar for Anja Grønnevik vår og haust, og på hausten vart det òg jamnleg treningar for Ida-Elin Sunde.



Det vart også arrangert treningar for Matilde Brogge. Det har vore arrangert eit helgekurs i feltritt for Julianne Devold, og helgekurs i dressur for Cecilie Shilbred. Det vart arrangert to D-stemner i dressurriding i Volda, eit på sommaren og eit på hausten. Begge stemna hadde tilfredsstillande tal deltakarar, sjølv om det fyrste vart noko amputert då vi berre fekk dommar til ein dag. Vi arrangerte

også to klubbstemner i sprangriding, eit på våren og eit på hausten, der juniormedlemmane fekk høve til å ta del på lånt hest.

### Meisterskapsresultat

Fleire av klubben sine medlemmar har vore ute og konkurrert gjennom året, til fine plasseringar innan både dressur, sprang og køyring. Det store høgdepunktet for



fleire var Fjordhest NM på Stord, der Anna Mork/Sonja, Randi Mork/Odin, Hanne Brunvoll/Liaguten og Liv Jorunn Nyhagen/Pokemann representerte klubben. Randi og Anna starta junior NM, medan Liv Jorunn og Hanne starta senior NM. Liv Jorunn tok gull i seniorklassen, medan Randi fekk bronse i juniorklassen. Anna og Hanne fekk også fleire fine

plasseringar både i riding og køyring. Volda rideklubb stilte også med eit lag under NM dette året, og laget bestod av Liv Jorunn (dressur), Hanne (køyring) og Randi (sprang). Laget tok bronse.



Liv Jorunn representerte også klubben under Regionsmeisterskapen i dressurriding på Bruråk, men det vart ikkje plassering i denne meisterskapen. Ingen av klubben sine medlemmar stilte til start under KM i 2018. Hanne Brunvoll/Liaguten representerte VRK under opne klasser på NM køyring. Hanne og Liaguten deltok også på «Norgescupen Ponni 2018» i køyring og gjekk av med seieren der.

## Ny veg til ridebana



Sommaren 2018 stod den nye vegen til ridebana ferdig, og i same slengen vart det bygd ein ny og større parkeringsplass ved anlegget vårt. Det er Volda kommune som kosta vegen. Den gamle vegen skal no ikkje lenger brukast. Klubben fekk også koplva vatnet ved ridebana dette året.

## Rekruttering

Rideklubben hadde 77 medlemmar i 2018, noko som er ny rekord. 42 av



medlemmane var under 18 år. VRK har også i 2018 satsa på rekruttering, og det vart helde fleire ridekurs, rideturar og stalldagar for juniormedlemmane. Det er gledeleg å sjå vekst i hestemiljøet! Juniorane har også fått tilbod om eigne juniorklasser på klubbstemna vi har arrangert, og dette har vore eit populært tilbod. I juni/juli stilte klubben to gongar med to hestar til barneriding på Haueteite, på oppdrag frå

Volda kommune. Vi hadde også runderiding på ridebana i løpet av sommaren, eit tilbod for barn som er heime i ferien. 20 personar betalte baneleige i 2018.



## 17. mai

Kring 10 av klubben sine medlemmar stilte opp bak fana vår i folketoget på 17. mai. Liv Jorunn Nyhagen/Pokemann og Randi Maud Mork/Odin reid fremst i toget, og det gjekk fint.

God reklame for klubben!


## Dugnad



Før jul selde klubben kakeboksar frå Nordkak. Det vart selt heile 528 kakeboksar, noko som var ny rekord. Dette gav klubben kjærkomne inntekter. Vonleg vert enno fleire av medlemmane med å selje neste gang. Det har også vore

fleire dugnadar på ridebana gjennom året, og klubben kjøpte inn ei ny horv for å betre kunne halde ved like underlaget. Hausten 2018 var fleire medlemmar engasjert i å køyre ut flygeblad for Ulstein Arena og Møre. Vi hadde også vår årlege dugnad i å rydde vekk hestemøkk langs turvegane i Volda på våren.

## **Ridehall**



Vi har jobba aktivt med planar for ridehall dette året. Vi har ved hjelp av konsulent fått opp teikningar for ridehall og stallar med konstruksjon i limtre. Vi har også levert inn og fått godkjent førehandsgodkjenning for spelemidlar. Vi jobbar vidare med kva løysing vi skal gå for i forhold til finansiering. Håpet er å få på plass ein ridehall i løpet av 2019.

## **Sponsorar**

Klubben arbeidde aktivt med å få sponsorar til stemna våre, og det resulterte i mange flotte premiar. Vi har i tillegg nokre sponsorar som støtter oss mot at dei får ha logoen sin på nettsida vår.

## **Lånet vårt**

Vi har i år klart å betale ned lånet vi hadde etter bygging av ridebana. Vi hadde igjen eit lån på 228 700 kr og betalte inn dette i februar 7 år før nedbetalingsplanen!